



EUB LTD
Nedre Eikanger 21
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/4267 - 15/21739

Saksbehandlar:
Merethe Tvedt
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:
04.12.2015

Godkjenning- Endring av gitt løyve, plassering av bustad gbnr 23/527, Mjåtveitvegen

Administrativt vedtak. Saknr: 429/2015

Tiltakshavar: Harald Norheim
Ansvarleg søkjar: Dag Eivind Hagesæter
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

SAKSUTGREIING:

Tiltak:

Det vert vist til søknad etter Plan- og bygningslova § 20-1 motteke 29.6.2015 og manglande dokumentasjon motteke 17.7 og 3.12.2015 i Meland kommune. Søknaden gjeld endring av gitt tillatelse frå 7.4.2015 (DNT-sak 88/2015) for endring av plassering av einebustad på gbnr 23/527 i Meland kommune.

Endringa går ut på å flytta huset 2,27 meter lenger mot nord-aust på eigedommen. Avstand til nabogrense vert endra frå 5,24 meter til 4,11 meter. Vinkling av bygget sin plassering på tomten er uendra.

Nabovarsling:

Endringssøknad vart nabovarsla 24.11.2015. Det ligg føre samtykke frå eigar av gbnr 23/33 for endring av plasseringa.

VURDERING

Postadresse
postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt
www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Plassering, høgde og avstand til nabogrense:

Tiltaket vert vurdert til å vera i samsvar med gjeldande krav til plassering, høgde og avstand til naboeigedomar, jf pbl § 29-4 og dei rammene som elles er sett for tiltaket i KPA. Meland kommune har ingen merknader til ny plassering.

VEDTAK

«Meland kommune godkjenner i medhald av Plan- og bygningslova (pbl) § 20-1 endring av gitt tillatelse for endra plassering for einebustad på gbnr 23/527 i samsvar med søknad journalført 29.6, 17.7 og 3.12.2015.

Plassering av tiltaket skal skje som vist på vedlagte situasjonskart stempla godkjent 4.12.2015. For plassering og høgde gjeld eit toleransekrav i horisontalt og vertikalt plan +/- 50 cm og +/- 20 cm. Minstegrensa på 4 meter til nabogrense er absolutt.

Byggverket si plassering på tomta skal kunne dokumenterast. Slik dokumentasjon skal sendast kommunen for oppdatering av kartverket. Meland kommune krev at innmålingsdata vert sendt i KOF-fil eller SOSI-filformat. Dokumentasjonen skal sendast inn seinast saman med førespurnad om ferdigattest eller mellombels bruksløyve.

Opplysningar om bygget som kjem fram i søknaden vert registrert for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av Plan- og bygningslova, så fram det ikkje følgjer anna av vedtaket her».

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt
byggjesakskonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

Vedlegg:
23527

Mottakere:
EUB LTD

Nedre Eikanger 21 5913

EIKANGERVÅG